

## 1. Bakgrunn

Møre og Romsdal fylkeskommune (Oppdragsgivar) har ei oppfølgingsteneste (OT-tenesta) etter opplæringslova § 3-6 for ungdom mellom 16 og 21 år, som har rett til vidaregående opplæring, men som av ulike årsakar ikkje går på skule eller er i arbeid.

Oppdragsgivar har sidan 2014 hatt eit tilbod nemnt I UNG (heretter kalla «Tiltaket») som ein del av OT-tenesta for denne ungdomsgruppa. Formålet med Tiltaket er å motivere ungdom til å gjennomføre vidaregåande skule eller å få arbeid (sjå meir informasjon om Tiltaket i punkt 2 nedanfor).

I Romsdal og på Søre Sunnmøre blei Tiltaket lagt til arbeids- og inkluderingsbedriftene Astero AS og Furene AS. På Nordre Sunnmøre og Nordmøre blei Tiltaket lagt til eksisterande kommunale alternative opplæringstilbod, Broen i Ålesund og Levende Vågen i Kristiansund.

Møreforsking AS evaluerte Tiltaket etter tre år og la i desember 2016 fram rapporten «I UNG – et alternativt opplæringstiltak for ungdom som har droppet ut av vidaregående opplæring».

Viktige funn i rapporten:

- Det er ulike og samansette årsakar til at dei unge sluttar på skulen. Fråfallet har starta lenge før den endelige sluttdatoen settast. Tiltak som settast inn for dei unge som sluttar på skulen, vil i mange tilfelle komme for seint og være utilstrekkelig for å ha ein avgjerande verknad på motivasjonen til å fortsette på skulen.
- Tett kontakt med vaksenpersonar er viktig for dei unge. Individuell tilrettelegging og moglegheit for variert praksis, i kombinasjon av motiverande sosiale aktivitetar blir framheva som ein suksessfaktor. Sosial læring og sosial trening i trygge omgjevnader var viktig. Fleire av ungdommane har hatt ekstern arbeidspraksis og nokre har teke eksamen som privatist. Det å ha ein stad å gå til har vore viktig for alle ungdommane, mange fortalte om øydelagt døgnrytmje, dei hadde eit lite aktivt og sosialt liv før dei kom til I UNG. Majoriteten av ungdommane sökte skule etter deltaking i Tiltaket.

For meir informasjon, sjå rapporten:

<http://www.moreforsk.no/publikasjoner/rapporter/helse--utdanning/1612-i-ung---et-alternativt-opplaringstiltak-for-ungdom-som-har-droppet-ut-av-videregaende-opplaring-resultater-fra-folgeforskningen/1239/3080/>

## 2. Oppdraget

### 2.1 Innleiing

Tiltaket skal vere eit av tilboda som OT-tenesta nyttar i sitt arbeid. Oppdraget består i å drive Tiltaket for Oppdragsgivar i ein eller fleire av dei aktuelle regionane, jf. punkt 2.7 nedanfor. Det vert kunngjort eigne konkurransar for kvar region.

Målet med Tiltaket er som nemnt at det skal motivere deltakarane og gi dei betre føresetnader til å gjennomføre vidaregående skule og/eller skaffe seg arbeid. Gjennom individuell oppfølging av kompetente vaksne, fellesskap med andre ungdommar i Tiltaket og tilrettelegging for praksis i ulike yrker, skal Tiltaket bidra til oppbygging av den unges motivasjon og mestringsevne.

Tiltaket skal vere organisert med utgangspunkt i elementa som går fram i punkt 2.2 til 2.9 nedanfor.

### 2.2 Deltakarar og inntak

Deltakarar i Tiltaket er ungdom i alderen 16-21 år som har rett til vidaregående opplæring i Møre og Romsdal og som ikkje går på skule eller har arbeid.

## VEDLEGG 5, OPPDRAGSBESKRIVELSE

Deltakarar får tilbod om plass i Tiltaket av OT-tenesta der ungdommen er busett, i samarbeid med tilbydar, etter prosedyrar som OT-tenesta fastsett. Prosedyrane er p.t. som følgjer:

- OT-tenesta vurderer om Tiltaket kan være riktig tilbod for ungdommen
- OT-tenesta kontaktar Tiltaket
- Møte mellom OT-tenesta, Tiltaket og ungdommen blir arrangert hos Tiltaket før ungdommen får tilbod om plass, jf. tidspunkt for inntak nedanfor
- Ungdommen får tilbod om plass i Tiltaket
- Ungdom som takkar ja til tilboden får tilsendt tidspunkt for første oppmøte i Tiltaket frå tilbydar. Tilbydar registerer ungdommen som deltakar i Tiltaket og gir deltakaren ei innføring i reglar og rutinar i Tiltaket.
- OT-tenesta følgjer opp ungdom som takkar nei til tilboden.

Det gjennomførast tre hovudinntak i løpet av haustsemesteret med inntak av 5-7 deltarar pr. inntak:

1. 15. september
2. 15. oktober
3. 15. november

Det kan bli behov for enkeltinntak utanom hovudinntaka nemnt ovanfor, til dømes dersom OT-tenesta vurderer det som uheldig for ein ungdom å gå utan tilbod fram til neste hovudinntak. Oppdragsgiver anslår at det har vore behov for å ta inn inntil tre ungdommar utanom hovudinntaka i løpet av haustsemesteret (pr. region).

Etter nyttår (vårsemesteret) leggjast det opp til fortløpende inntak ved ledig plass i Tiltaket. Siste inntak har normalt skjedd i mai/juni (individuell vurdering). Oppdragsgiver anslår at om lag fem ungdommar har blitt tatt inn som deltarar i Tiltaket i løpet av vårsemesteret (pr. region).

Oppdragsgiver anslår at det for tilbydar i gjennomsnitt går med ca. 1 ½ - 2 timer pr. deltarar i forbindelse med inntak i Tiltaket.

### 2.3 Omfang

Tiltaket skal vere eit dagleg tilbod på kvardagar for deltarane.

Deltakarar som er i praksis, følgjer bedrifa si ordning for ferie/fridagar.

Deltakarar som ikkje er i praksis har ferie og fridagar som skuleelevar, sjå skuleruta (<https://mfylke.no/Tenesteomraade/Utdanning/Elev/Skuleruta>).

Deltakarane er med i Tiltaket og følgjast opp av Tilbydar så lenge OT-tenesta finn det nødvendig, men i hovudsak ikkje utover det skuleåret deltararen har fått plass i Tiltaket. Deltakarar som får plass sein i skuleåret, kan få tilbod om å fortsette i Tiltaket for neste skuleår dersom OT-tenesta vurderer det som hensiktsmessig.

Basert på dei erfaringane Oppdragsgiver har, er deltarane i gjennomsnitt med i Tiltaket i ca. fire månader, fordelt med 1 månad i avklaringsfasen (jf. punkt 2.4 nedanfor) og 3 månader i tiltaksfasen (jf. punkt 2.4 nedanfor). OT-tenesta følgjer opp ungdommane etter at dei har avslutta deltakinga i Tiltaket.

Tiltaket skal etablerast i fire regioner og kvar region (sjå regional inndeling i punkt 2.7 nedanfor) skal ha plass for inntil 15 deltarar i Tiltaket samtidig. Det blir kunngjort ein eigen konkurranse for kvar region.

### 2.4 Innhold / fasar

Tiltaket skal omfatte følgjande fasar:

#### Avklaringsfase

Avklaringsfasen har som siktemål å avklare deltararens ressursar, utfordringar, framtidsplanar og ønske om arbeidsplass.

## VEDLEGG 5, OPPDRAGSBESKRIVELSE

Avklaring og kartlegging skal vere individuelt tilpassa kvar deltarar og kan skje gjennom heile perioden deltararen er i Tiltaket (også etter at avklaringsfasen er over dersom det er behov for det).

Avklaringsfasen skal omfatte følgjande aktivitetar:

- Motivasjonsaktivitetar
- Mestringsaktivitetar
- Livsmestring og karriereferdigheter
- Karriererettleiing
- Individuell rettleiing – individuell tiltaksplan
- Gruppeferdigheter – samarbeidsaktivitetar

I avklaringsfasen skal det leggjast til rette for at deltarar som har behov for det, kan prøve ulike praksisplassar i ein kort periode for å kunne vurdere kva deltararen ønskjer å arbeide med. Praksis kan skje internt hjå tilbydar eller i ekstern bedrift som tilbydar har avtale med.

Avklaringsfasen skal normalt vare i 4 veker, men den kan både kortast ned og forlengast dersom det er hensiktsmessig for å få avklart deltararens behov, jf. ovanfor.

Avklaringsfasen skal munne ut i ein tiltaksplan for den enkelte deltarar. Tiltaksplanen skal utarbeidast etter vedlagte mal (vedlegg 10 i konkurransegrunnlaget).

### Tiltaksfase


I denne fasen skal den individuelle tiltaksplanen setjast i verk. Tiltaksfasen har som siktet mål at deltarane kjem i arbeid eller søker om plass i vidaregåande skule.

Dei viktigaste verkemidla i Tiltaket er arbeidspraksis internt og eksternt i kombinasjon med tett, individuell rettleiing.

Tilbydar skal i samarbeid med Oppdragsgiver bistå deltarar som ønskjer å halde fram med skulegang, med å søkje inntak til vidaregåande skule.

Tilbydar skal bistå deltarar som har søkt skuleplass og som er i Tiltaket når sommarferien tek til, blant anna for å sikre at deltarar svarer på tilbod om skuleplass/eventuelt tilbod om å stå på venteliste, innan fastsette fristar. OT-tenesta følger opp deltarar som ikkje er i Tiltaket når sommarferien tek til.

Figur 1 under viser fasar og innhald i Tiltaket:



### 2.5 Kompetanse

Tilbydar skal ha erfaring frå arbeid med ungdom som er relevant med omsyn til gjennomføring av oppdraget. Dette kan til dømes vere erfaring frå «Jobbsjansen», arbeidsførebuande kurs eller tiltak innanfor psykisk helse. Tilbydar skal vidare ha erfaring knytt til rettleiing om karriere og livsmestring.

Personell som tilbydar skal nytte til gjennomføring av oppdraget skal ha utdanning og/eller arbeidserfaring som er relevant for gjennomføring av oppdraget. Relevant utdanning kan til dømes vere pedagogisk/spesialpedagogisk utdanning eller yrkesfagleg utdanning. Relevant arbeidserfaring kan til dømes vere undervisning, yrkesrettleiing eller anna arbeid som inneber tett kontakt med mennesker.

### 2.6 Lokale / utstyr / praksistilbod

Tilbydar skal ha tilgang til lokale som er eigna for Tiltaket og som kan ivareta dei ulike aktivitetane i tenesta, herunder arbeidspaktsis, individuell rettleiing, mindre gruppevisse aktivitetar og plenumsaktivitetar.

Lokala tilbydar skal bruke til gjennomføring av oppdraget skal oppfylle krav til universell utforming, jf. likestillings- og diskrimineringsloven § 17. Kravet gjeld ikkje ovanfor tilbydar for eksterne lokale som brukast til praksisplassar, men desse må likevel vere godkjende av Arbeidstilsynet.

Tilbydar skal kunne tilby deltakarene praksis i ulike yrker internt og eksternt, til dømes i verkstader, butikkarbeid o.l.

### 2.7 Lokalisering

Deltakarane i Tiltaket er som nemnt unge menneske som er i ei sårbar livsfase der dei er utan opplæringstilbod eller arbeid. Det er difor viktig at ungdommene har tilgang til Tiltaket i nærområdet.

Tiltaket i fylket deles i fire regionar og skal ha følgjande geografiske organisering:

#### Region Nordmøre

Nordmøre omfattar ungdom frå følgjande kommunar/skuler:

- Smøla, Aure, Averøy, Tingvoll, Gjemnes, Kristiansund, Sunndal, Surnadal, og Halsa.
- Kristiansund vgs, Atlanten vgs, Tingvoll vgs, Sunndal vgs og Surnadal vgs.

#### Region Søre Sunnmøre

Nordre Sunnmøre omfattar ungdom frå følgjande kommunar/skuler:

- Ørsta, Volda, Ulstein, Hareid, Vanylven, Sande og Herøy.
- Ørsta vgs, Volda vgs, Ulstein vgs, Herøy vgs og Herøy vgs avd. Vanylven.

#### Region Nordre Sunnmøre

Nordre Sunnmøre omfattar ungdom frå følgjande kommunar/skuler:

- Ålesund, Skodje, Ørskog, Giske, Sula, Haram, Sandøy, Stordal, Norddal, Standa og Sykkylven.
- Borgund vgs, Spjelkavik vgs, Ålesund vgs, Fagerlia vgs, Haram vgs, Stranda vgs og Sykkylven vgs.

#### Region Romsdal

Romsdal omfattar ungdom frå følgjande kommunar/ skuler:

- Molde, Nesse, Midsund, Aukra, Fræna, Eide, Rauma og Vestnes.
- Romsdal vgs, Fannefjord vgs, Molde vgs, Fræna vgs, Rauma vgs og Gjermundnes vgs.

Det vert kunngjort ein eigen konkurranse for kvar region.

I kontraktsperioden vil det bli gjennomført endringar både i fylkesgrensene for Møre og Romsdal og i kommunegrensene for fleire kommunar i Møre og Romsdal.

Endringane skjer som følge av regionreforma.

## VEDLEGG 5, OPPDRAGSBESKRIVELSE

Hornindal kommune er ein del av Volda kommune frå 01.01.2020 og vil inngå som en del av Region Søre Sunnmøre frå same dato.

Halsa kommune blir overført til Trøndelag fylke frå 01.01.2020. Ungdom frå Halsa kommune som er i Tiltaket pr. 01.01.2020 i region Nordmøre, har med godkjenning fra fylkeskommunane, rett til å halde fram i Tiltaket fram til skoleslutt våren 2020.

### 2.8 Dokumentasjon og rapportering

Tilbydar skal utarbeide eit utkast til deltakarbevis til den enkelte deltakar som viser innhaldet i og omfanget av aktivitetane for den enkelte deltakar. Deltakarbeviset skal utarbeidast etter vedlagte mal (vedlegg 6 i konkurransegrunnlaget) og sendast til Oppdragsgivar seinast to veker etter at deltakaren har slutta i Tiltaket.

Tilbydar skal utarbeide sluttrapport for kvar deltakar i Tiltaket etter vedlagte mal (Vedlegg 7 i konkurransegrunnlaget). Rapporten skal sendast til Oppdragsgivar innan to veker etter at deltakaren har slutta i Tiltaket.

Tilbydar skal utarbeide halvårsrapporter over deltaking i Tiltaket etter vedlagte mal (Vedlegg 8 i konkurransegrunnlaget). Fristane for innlevering av rapportane til Oppdragsgivar:

- Haustsemesteret: 20. januar
- Vårsemesteret: 15. juli

### 2.9 Samarbeid med og tilgjengeleghet for Oppdragsgivar

Oppdragsgivar har behov for tett samarbeid og korrespondanse med tilbydar om kvar enkelt deltakar i Tiltaket. Dette inkluderer også møter i inntaksprosessen (jf. punkt 2.2) og elles ved behov mens deltakarane er i Tiltaket. Tilbydar er forplikta til å samarbeide og å delta i slike møter.

Tilbydar skal evaluere Tiltaket saman med Oppdragsgivar i eit møte ein gong pr. år. Oppdragsgivar kallar inn til møtet.

Pristilbodet frå tilbydar skal inkludere samarbeid som nemnt ovanfor, samt opptil fire møter med Oppdragsgivar utanom møta i forbindelse med inntaksprosessen.

Tilbydar skal i tillegg gje tilbod på fast pris pr. møte for eventuelle møter ut over dei møta som ligg i fastprisen, jf. ovanfor, jf. vedlegg 3 Prisskjema.